

# Festivalstrategi

2023-2024

Versjon 16.02.23



Valdres Natur- og Kulturpark

## **Innhald**

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>2 Mål og visjonar .....</b>	<b>2</b>
<b>3 Definisjon på festival i Valdres .....</b>	<b>3</b>
3.1 Inndeling i festivalkategoriar.....	4
3.2 Spesielle ansvarsområde for Valdres .....	4
<b>4 Ringverknader og verdiskaping .....</b>	<b>4</b>
<b>5 Festivalstøtte frå Valdres Natur- og Kulturpark.....</b>	<b>5</b>
5.1 Kriterium for tildeling .....	5
<b>6 Prioriterte innsatsområde .....</b>	<b>6</b>
6.1 Nettverksamarbeid.....	6
6.2 Marknadsføring og merkevarebygging .....	6
6.3 Bruk av lokale utøvarar, varer og tenester .....	7
6.4 Helse Miljø og Sikkerhet (HMS)-arbeid .....	7
6.5 Miljøomsyn.....	7
6.6 Frivillige .....	8
6.7 Inkludering.....	8
6.8 Ringverknader .....	8
<b>7 Festivalar i nettverket.....</b>	<b>8</b>
7.1 Valdres Sommersymfoni .....	8
7.2 Jørn Hilme-stemnet.....	9
7.3 Vinjerock.....	10
7.4 Norsk Rakfiskfestival .....	10
7.5 Beitospinten, World Cup og NM 2024.....	10
7.6 Ridderuka, Barnas Ridderuke, Riddercamp og Bikeriddercamp .....	11
7.7 Hemsingfestivalen .....	13
7.8 Trollrock.....	14
7.9 Frikar i fossen - Gandr .....	14
7.10 Hedalen kulturfestival .....	15
<b>8 Andre store arrangement.....</b>	<b>16</b>

## 1 Innleiing

VNK (Valdres Natur og Kulturpark) vurderer festivalane som dei største og viktigaste aktørane som byggjer opp om lokalsamfunna og Valdres som merkevare, og i 2008 etablerte VNK eit nettverk for dei største arrangementa i Valdres, Festivalnettverket i Valdres.

I samband med etableringa vart det utarbeida ein eigen strategi for korleis festivalane og VNK kunne arbeide saman å styrke lokalsamfunna og bygge opp om Valdres som merkevare. Hensikta med Festivalstrategien vi har eit verktøy for arbeidet. Til strategien knyt det seg både kriterier for å kunne defineraast som ein festival i Valdres, og eit tilskot som skal stimulere ekstra innsats for merkevara Valdres.

Festivalane og dei store arrangementa i Valdres er viktige kulturelle hendingar for så vel turistar, deltidsinnbyggjarar som fastbuande. Dei er svært ulike, men alle byggjer på sitt vis opp under verdigrunnlaget for Valdres. Festivalane tilhøyrar ei næring i vekst og gjev store ringverknader for det lokale næringslivet i Valdres. For å gje mest mogleg attende til lokalsamfunnet, er det eit ynskje å fordele festivalane mest mogleg over heile året.

Festivalane utgjer eit nettverk av kompetanse. Dei har fire årlege samlingar med fokus på ulike tema, og direkte samarbeid som miljøsertifisering, inkludering, lån og leie av utstyr med meir som gjer kvarandre betre.

Fordi både kultulivet og samfunnet elles er dynamisk skal Festivalstrategien reviderast kvart 2. år.

Sjølv om denne strategien er knytt opp til festivalane og Valdres Natur- og Kulturpark, er vi avhengige av samspelet med lokalsamfunnet for å lukkast. Festivalane treng gode tilhøve, både sosialt, som kompetansemiljø, for fysiske tilhøve som arena, overnatting og infrastruktur.

## 2 Mål og visjonar

Aktørane i Valdres har gjennom åra utvikla kompetanse og tilbod på svert høgt nivå. Festivalane leverer. Den posisjonen dei store arrangementa i Valdres har opparbeida er med på å gje Valdres eit særskilt godt omdømme på kompetanse og kulturopplevingar. Samstundes er vi ikkje unike, rundt om i heile Noreg blir dei fleste festivalane endå betre, og konkurransen om publikum tek aldri slutt. Vi har fått ein plass på kartet som kulturregion, og denne plassen held vi berre gjennom hard arbeid – og gode tilhøve. Det første må festivalane bidra med sjølv, men gode tilhøve – det er omgjevnaden sin oppgåve. Det er derfor viktig at vi alle bidreg til at festivalane har best mogleg føresetnader for å utvikle seg til beste for seg sjølv og regionen.

Hovudmålet er at

- folk skal trivast og velje Valdres.

Trivsel er avhengig av gode opplevingar. Dei finnast sjølvsagt overalt, men for mange er kulturtarboda noko ekstra, noko som skil seg frå det andre, kvardagslege og lyfter opplevingane eit ekstra hakk. Kulturarrangementa bidreg både til spesielle opplevingar, viser

Valdres frå si beste side, dei er ein møteplass, bidreg til mykje frivillig arbeid og gjev store ringverknader i lokalsamfunnet. Innsatsen frå arrangør, frivillige og betalande er avhengig av lyst. Ein vellukka festivalen treng ein god kultur der alle har lyst til å bidra. Å bygge god kultur er langsiktig arbeid.

Festivalane er på mange måtar våre viktigaste Valdres-ambassadørar. Vi vil derfor gjøre det vi kan for å leggje tilhøva til rette for at dei kan levere sitt beste.

Målet med Festivalstrategien er derfor å

- Legge tilhøva til rette for at festivalane kan bli enda betre
- Bidra til tettare samarbeid mellom festivalane
- Bidra til at festivalane bygger opp om merkevara Valdres og på den måten
  - ✓ auke verdiskapinga (sosialt, kulturelt, miljømessig og økonomisk)
  - ✓ gje livskraft i lokalsamfunna

Festivalane og dei store arrangementa skal gje publikum høve til å skjerpe sansane. Dei skal utfordre deltakarane på syn, lukt, smak, lyd og kjensler. Og ikkje minst, dei skal gje gode, unike opplevingar og auka trivsel for fastbuande, deltidsinnbyggjarar og tilreisande.

### 3 Definisjon på festival i Valdres

Det kan vere uklåre grenser for kva som er festival og kva som berre er eit stort arrangement. For Valdres reknar vi festivalar innanfor desse kriteria:

- a. Arrangementet må vere minst 3 samanhengande dagar
- b. Arrangementet må ha minst 1000 deltakrar/gjester. Dersom festivalen ligg under grensa meir enn tre samanhengande år fell festivalen ut av nettverket.
- c. Arrangementet skal vere årleg
- d. Arrangementet skal vere stadbunden
- e. Programmet skal ha høg kvalitet av nasjonal /internasjonal interesse
- f. Arrangementet må ha fast sekretariat og fast tilsett leiar.
- g. Arrangementet skal aktivt støtte opp om festivalstrategien og merkevarebygginga i Valdres
- h. Festivalen må ha eit langsiktig perspektiv med utviklingspotensiale.
- i. Festivalen må ha eksistert i minst 1 år før han kan takast opp i nettverket

### **3.1 Inndeling i festivalkategoriar**

Prioriteringa av festivalar og arrangement, er gjort ut frå innhald, storleik og potensiale og dei rettar seg alle mot eit nasjonalt publikum, nokre av dei – også eit internasjonalt publikum. Samstundes spenner festivalane frå store idrettsarrangement, reine matarrangement til musikkarrangement. Kategoriane er tilpassa dagens festivalnettverk, og vert supplert dersom det kjem nye som treng andre kategoriar. Vi har delt opp i desse kategoriane:

- Mat
- Musikk/dans/teater/spel
- Idrett

I handsaminga av festivalstøtte vil det bli take omsyn til føresetnadene til dei ulike kategoriane.

### **3.2 Spesielle ansvarsområde for Valdres**

Valdres har spesielt ansvar for å ta vare særeigne kulturuttrykk for Valdres som til dømes folkemusikken. Folkemusikken betyr mykje for Valdres-identiteten, og det vil vere et stort tap om dette forsvinn. Valdres har derfor eit særskilt ansvar for å ta vare desse utrykka. Folkemusikken er ein del av vår immaterielle kulturarv, og vi er også gjennom UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv forplikta å ta vare på denne.

Det er viktig at kommunane, Valdres Natur- og Kulturpark, frivillige organisasjonar og festivalane tek folkekulturen vidare – saman. Valdreskommunane kan bidra, og bidreg, til å styrke folkekulturen gjennom kulturskuletilboda. Festivalane på si side er særleg viktige for å leve og bygge kultur og inspirere kommande generasjonar.

Vidare er stølsdrift eit spesielt ansvarsområde for Valdres både regionalt og nasjonalt, medan lokale mattradisjonar og tradisjonshandtverk er område som er spesielt viktige i høve til merkevarebygging, identitet og verdiskaping.

## **4 Ringverknader og verdiskaping**

Festivalane bidreg til store ringverknader i Valdres, både økonomisk, sosialt og kulturelt. Dei er derfor spesielt viktige for lokalsamfunna i Valdres. Festivalnettverket skal bidra til å inspirere og utvikle festivalane til at mest mogleg av kompetanse og økonomiske resursar vert verande i Valdres. Vidare bidreg festivalane til å sette Valdres på kartet, det vil seie vårt omdøme. Valdressamfunnet er derfor tent med profesjonelle, robuste og berekraftige festivalar tufta på verdigrunnlaget for Valdres Natur- og Kulturpark.

Det vart i 2017-2019 gjennomført ei ringverknadsanalyse av Østlandsforskning for mellom anna dei fire festivalane Jørn Hilme, Valdres Sommersymfonii, Norsk Rakfiskfestival og

Vinjerock. Samla estimerte besøkstal for desse var 56650, av desse var 35000 på Norsk Rakfiskfestival. Totalt forbruk i Valdres knytt til dei fire festivalane var kr 51 546 500,-.

Undersøkinga synte også at 77% av besøkande er tilreisande. Kvar gjest legg att kr 350- 2300 i regionen på overnatting og servering. Forbruk på festivalen kjem i tillegg. Med dette forstår vi at hovuddelen av verdiskapinga til festivalane er tilført Valdres utanfrå.

Tala for dei fire festivalane synte også at det var over 1500 frivillige knytt til festivalane. Undersøkinga dekker ikkje ringverknader i aktivitet hos frivillige organisasjonar, kompetanse, infrastruktur eller om festivalane genererer auka besøk eller sal av fritidsbustader. Samstundes veit vi at fleire festivalar nytter frivillige organisasjonar som får ei lita ekstra intekt til eige lag for innsatsen. Det finnes også mange døme på deltidssinnbyggjarar som har uttrykt at det var festivalen som var utslagsgjenvende for at dei kjøpte fritidsbustad i Valdres.

Undersøkinga synte også at det er mykje meir og hente for lokalsamfunnet om vi koordinerer og samarbeider endå betre. Dette gjeld spesielt på overnatting, transport, lyd og lys, vakthold, telt og sanitærfasilitetar. Det var også trekt fram lokal mat og drikke og organisering av regionalt mattilbod.

På bakgrunn av dette, har VNK utarbeida Festivalstrategien. Innhaldet i planen skal sikre det kvalitative innhaldet og sørge for at profileringa av festivalane underbyggjer verdigrunnlaget i VNK. Planen vart først gong vedteke i februar 2008, etter innspel og dialog med dei ulike arrangørane. Sidan er strategien revidert annakvart år. Festivalane sjølv og Valdres kulturnettverk har gjeve innspel før dokumentet vart slutthandsama av styret i VNK.

## 5 Festivalstøtte frå Valdres Natur- og Kulturpark

Valdres Natur- og Kulturpark set kvart år av ein viss sum til festivalstøtte. Støtta er meint som ei bidrag til festivalar som oppfyller alle krava i innsatsområda i denne strategien, og berre festivalar som følgjer opp innsatsområda får støtte. Støtta vert også redusert dersom deler av innsatsområda ikkje vert fylgt opp. Tilskotet er heller ikkje meint som eit substitutt for tilskot frå andre, offentlege institusjonar, men som eit virkemiddel til å styrke merkevara Valdres. For 2023 er samla festivalstøtter kr 500 000,-. Festivalstøtta blir vidareført i åra framover, men storleiken på beløpet blir sett av styret og kan variere frå eit år til eit anna.

### 5.1 Kriterium for tildeling

- a. Festivalen skal møte på alle nettverksamlingar. Gyldig fråfall er omorganisering, utøvaroppdrag, sjukdom mm. Festivalen fell ut av nettverket om den ikkje har møtt på 1 år
- b. Festivalen må godta hovudprinsippa i festivalstrategien og bygge opp om dei prioriterte innsatsområda
- c. Festivalen skal støtte opp om og bidra aktivt til å utvikle festivalnettverket
- d. Festivalen skal støtte opp om merkevara Valdres

- e. Støtta vert primært gjeve til festivalar/arrangement som har eit nasjonalt og internasjonalt publikum
- f. Festivalar med spesielle ansvarsområde for Valdres blir prioritert
- g. Festivalen må innrette seg etter ein framtidig marknad
- h. Festivalane skal fordelast tidsmessig over året slik at dei får størst utbytte av felles kompetanse, utstyr og ikkje konkurrerer om frivillige eller publikum
- i. Nye festivalar skal ha vore aktive i 2 år før dei kan søke festivalstøtte
- j. Festivalar med tilskot frå nasjonal støtteordning med krav om regional medfinansiering vil bli prioritert
- k. Storleiken på tilskottet blir avgjort av styret i VNK etter ei samla vurdering
- l. Festivalar der eigar tek ut personleg utbytte får ikkje festivalstøtte. Dersom festivalen tek utbytte i etterkant vert støtta inndrege
- m. Det er søknadsfrist 01.03. med skrifteleg attendemelding seinast 30.03. kvart år

## 6 Prioriterte innsatsområde

Strategiplanen definerer 8 ulike innsatsområde med nokre tiltak under kvart område. Hensikta er å bygge opp om merkevara Valdres. Dei fleste av tiltaka er innarbeida og skal vidareførast, medan andre er nye og må utviklast etter kvart.

### 6.1 Nettverksamarbeid

#### Tiltak:

- VNK har sekretærfunksjonen og kallar inn til minst tre nettverkssamlingar i året. Festivalarrangørane er sjølve ansvarlege for å sette dagsorden og å ta initiativ til temasamlingar osb.
- Festivalane skal söke samarbeid med dei andre festivalane om kjøp og avtaler om lokalmat, utstyr, billettsal
- Festivalane skal dele erfaringar og kompetanse med heile nettverket
- Festivalane skal samarbeide og nytte kompetanse i nettverket på sjangeroverskridande tiltak
- Festivalane bør sökje samarbeid om tiltak for auka effektivitet og verdiskaping som ligg innanfor regionale og nasjonale satsingar

### 6.2 Marknadsføring og merkevarebygging

#### Tiltak:

- Alle arrangørane skal bruke Valdres-festivallogo. Denne skal ikkje ligge som sponsor-logo, men på framsida med lenkje til <https://www.valdres.no/opplevelser/festivaler-i->



- Alle kan nytte valdreslogoen i marknadsføringsmateriell
- Alle arrangørane skal reklamere for dei andre festivalane i sine respektive brosjyrar eller aviser der dette finnast.
- Alle festivalane skal (dei ansvarshavande) ha delteke på ValdresVert
- VNK skal bidra med materiell og fellesannonser til stands og marknadsføring av festivalnettverket
- VV bør delta på minst to møter i året som innehold tema marknadsføring, berekraftig reisemål og sesongoppsummeringar
- Som medlemmer i VV har festivalane tilgang på VV sine tilbod om marknadsføring
- VNK skal ta inn pressemeldingar som kjem i samband med festivalane på sine heimesider
- Alle festivalane bør gjennomføring av marknadsanalyser

### **6.3 Bruk av lokale utøvarar, varer og tenester**

**Tiltak:**

- Festivalane skal i størst mogeleg grad nytte mat og tenester frå Valdres
- Festivalane skal nytte lokale utøvarar og kunstnarar og synleggjere dei på festivalen og i digitale media der det er mogleg utan at det går ut over det kunstnariske nivået

### **6.4 Helse Miljø og Sikkerhet (HMS)-arbeid**

**Tiltak:**

- VNK kan bidra til skolering i HMS-arbeid
- Alle festivalane skal ha plan og prioritere tiltak
- Alle festivalane skal ha ein beredskapsplan

### **6.5 Miljøomsyn**

**Tiltak:**

- Festivalane skal ha ein plan for miljøtiltak
- Festivalane skal vere miljøsertifisert, eller ha sett i gang arbeidet med miljøsertifisering

## 6.6 Frivillige

### Tiltak:

- Utarbeide gode rutinar i god vertskapsånd for profesjonell handtering av dei frivillige
- Sikre ein dyktig, lojal stab av frivillige som kjem fleire år
- Samarbeide om rutinar og verkty for handtering av frivillige

## 6.7 Inkludering

- Festivalane skal utarbeide plan for universell utforming i høve til
  - ✓ Aktivitetar og tilgjenge
  - ✓ Digital informasjon

## 6.8 Ringverknader

- VNK har ansvar for å legge til rette utviklingstiltak i høve til ringverknader
- Festivalane skal kunne vise til positive ringverknader frå festivalane i høve til:
  - ✓ Omsetning for anna næringsliv
  - ✓ Bidra til auka fokus på spesielle satsingsområde i Valdres som til dømes folkemusikk, lokal mat, stølsdrift/utmarksbeiting og folkehelse
  - ✓ Kompetanse og kunnskapsdeling

## 7 Festivalar i nettverket

I førre periode var det 9 festivalar. For komande periode har Hedalen kulturfestival kome inn i nettverket slik at det i denne perioda er 10 festivalar.

### 7.1 Valdres Sommersymfoni

Valdres sommersymfoni er ein klassisk kammermusikkfestival med utøvarar av internasjonalt kaliber, samt Nord-Europas største kurs for klassiske musikktalentar i alderen 6-28 år. Om lag 300 barn og ungdomar er med på kursa kvart år. Denne kombinasjonen av unge, framstormande musikkarar, samt etablerte musikkarar/kunstnarar, gjev arrangementet ein heilt spesiell atmosfære. Kvart år blir det halde rundt 30 festivalkonsertar/arrangement og like mange elevkonsertar. Festivalkonsertane blir halde rundt om i heile Valdres, i kyrkjer, kulturhus, galleri og museer – alt frå små intime arenaer, til stor utendørsarrangement. Dei

siste åra har rundt 7500 publikummarar funne vegen til desse konsertane. Sidan starten i 1994 har Valdres sommersymfoni vore ein viktig samlingsstad for unge talent på veg mot ei profesjonell karriere, i tillegg til å gje skreddarsydde undervisningstilbod til kursdeltakarar på alle nivå. Instruktørane, som alle er profesjonelle, blir henta frå heile verda. Valdres sommersymfoni har vore med å trekke nye målgrupper til Valdres og har betydd mykje for det klassiske miljøet i regionen. Det har mellom anna utvikla seg eit heilt spesielt miljø for strykantar, noko som blir lagt merke til i resten av landet.

**Mål:**

Fortsetja å være den viktigaste arenaen for talentutvikling i Norge og Europa, og bidra til at stadig nye unge musikarar kan få eit springbrett til den profesjonelle musikkbransjen. Gjere festivalen meir synleg og stadfeste vår posisjon som ein av dei viktigaste kammermusikkfestivalane i Norge. Levere konsertar på aller høgaste nivå til så vel Valdrespublikummet som til alle tilreisande. Valdres sommersymfoni ynskjer å styrke samarbeidet med viktige musikkinstitusjonar i Norge, og ta hand om nasjonale og internasjonale prosjekt. Valdres sommersymfoni ynskjer å være Valdresambasadør og styrke merkevarebygginga av Valdres som region.

## 7.2 Jørn Hilme-stemnet

Jørn Hilme-stemnet – den store, intime festivalen – vart skipa alt i 1960 og er den eldste folkemusikkfestivalen i Noreg, og var frå starten ein miks av kappleik, konsertar, dans og teater. Det gjer festivalen til ein nestor i det organisatoriske folkemusikkarbeidet i landet, og eit nav for alt folkemusikkarbeid i regionen. Hilme er hjartet i folkemusikken i Valdres, men er ikkje ein festival berre for Valdres, men er ein smelteigel for alle tradisjonsområde i landet.

Hilme har lenge vore ein av dei mest populære kappleikane i landet, med buskspelet og folkelivet på Valdres Folkemuseum som det viktigaste særpreget. Dei siste åra er konsertane ytterlegare veklagt, men kappleiken er framleis ein av dei største i landet. Nettopp denne kombinasjonen av kappleik, festival, kurs, dans og fest har gjort Hilme populært. I tillegg har dei små stovene på Valdres Folkemuseum og konserten på stølsområdet Jaslangen vore med på å definere festivalen dei siste åra.

Den kunstnarlege profilen står i sentrum for alt arbeid med festivalen. Hilme tek eit utvida ansvar for den norske folkemusikk- og folkedanstradisjonen, både tradisjonelle uttrykk og nyskapande samarbeid på tvers av sjangrar. På festivalen møter tradisjonen nye straumar i tida, på Hilme slår det tradisjonelle følgje med det nye, med det eksperimentelle – i møte mellom amatørar og profesjonelle, mellom kjente og ukjente musikarar, i solospel og samspel.

Strunkeveko er den andre viktige foten som folkemusikkmiljøet i Valdres kviler på. Strunkeveko – etablert i 1998 – er starten på eit folkemusikkliv, og er ei kursveke for born og ungdom, og blir arrangert i forkant av Jørn Hilme-stemnet. Strunkeveko har utvikla seg til å bli det største sommarkurset i folkemusikk og folkedans med nær 100 elevar kvart år. Strunkeveko er organisert utanfor festivalane og inngår ikkje i festivalnettverket.

**Mål:**

Produsere og presentere kvalitetskonsertar med norsk folkemusikk for ein breitt samansett publikumsmasse.

- Ta vare på og bruke folkemusikalske røter.
- Fremje nyskaping i form og presentasjonsmåte.
- Vere ein viktig arena for den norske dansetradisjonen, både som scenisk uttrykk og i ei sosial ramme.
- Vere ein utviklar av sjangeren folkemusikk og folkedans på nasjonalt plan.

### 7.3 Vinjerock

Vinjerock er ein musikk- og aktivitetsfestival på Eidsbugarden i Jotunheimen, 1060 m.o.h. Vinjerock er ein musikk- og aktivitetsfestival på Eidsbugarden i Jotunheimen, 1060 m.o.h. Festivalen er kalla opp etter poeten og journalisten Aasmund Olavson Vinje, som var fyrste hyttebyggjaren på Eidsbugarden, og som gav namn til Jotunheimen. På Vinjerock får publikum store konsertopplevelingar kombinert med kremen av norsk natur og eit utval av spennande kurs og aktivitetar, fleire av dei gjennomført i samarbeid med ungdomsavdelinga i Den Norske Turistforening. Vinjerock arrangerer eige rockehøgskule i forkant av festivalen for å lære dei frivillige om festivalen og skape samhold. Til saman er 750 frivillige i sving for å lage Vinjerock. Dei 3250 biletane til Vinjerock vert utseld i same sekund dei vert lagt ut.

#### Mål

Vinjerock skal vere ein musikk- og aktivitetsfestival på høgt nasjonalt nivå, og former festivalen etter dei fem verdiane: Kultur- og naturglede, nynorsk, lokalt rotfeste, openheit og berekraft og inkludering.

### 7.4 Norsk Rakfiskfestival

Norsk Rakfiskfestival er en av Norges største matfestivaler, en festival for rakfisk som alltid arrangeres første helgen i november på Fagernes i Valdres. Vi tror trivsel og god stemning er en av de viktigste årsakene til at arrangementet har blitt så attraktivt.

Festivalen har blitt en av de største markedsplassene for småskalaprodusenter fra hele landet. Sentrumsgatene fylles med lokale produkter, velsmakende rakfisk og tradisjonsmat fra hele Norge. I rakfiskteltet på Skiferplassen kårer festivalens fagjury årets beste rakfisk. I samme telt tilbyr vi smaksprøver av rakfisk. Årlig deles ut over 80 000 smaksprøver til publikum. I tillegg sørger vi for et bredt underholdningstilbud i 2 store telt plassert midt i Fagernes. Vi byr på alt fra klassisk musikk, folkemusikk, jazz, pop, rock, humor og hiphop for å nevne noe. Ringvirkninger rundt festivalen er betydelige. I en undersøkelse fra 2009 sier at de økonomiske ringvirkningene for næringslivet er rundt 35 millioner. Det tallet antas å være betydelig høyere i dag.

#### Mål

Festivalens formål er å fremme norsk matkultur, spesielt rakfisk fra Valdres.

### 7.5 Beitostølen, World Cup og NM 2024

Beitosprinten, den internasjonale åpningen i langrenn med kombinert vert arrangert årlig på Beitostølen, i 2022 World Cup og i 2024 også NM del I langrenn.

## **Beitosprinten**

Beitosprinten, den internasjonale åpningen i langrenn, inkludert kombinert, blir arrangert på Beitostølen hvert år. Arrangementet samler hele den norske eliten og deltagere fra ytterligere et titalls nasjoner. Folkefesten rundt arrangementet med lokale artister, lokal mat og et yrende folkeliv er med på å skape ei meget god ramme rundt arrangementet. Arrangementet sendes direkte på NRK hvert år med ei sendeflate på 10-12 timer med Beitostølen og Valdres i fokus. Sammen med Fjellmaraton, med over 2000 deltagere, gjør disse idrettsarrangementene på Beitostølen til en av de best besøkte festivalene i Valdres.

## **World Cup**

Sist i 2018, og nå igjen i 2022 samledes verdenseliten i langrenn til tre dager med World Cup konkurranser. Igjen viser Beitostølen at de klarer å snu seg rundt og invitere verdens beste skiløpere når Mellom-Europa sliter med snø og skiforhold. Det er vel et positivt paradoks at skistjernen Jessica Diggins legger ut med bilde på sin Facebook-konto; «I could move here for good!» - Jeg kunne flytte hit for godt!

## **NM på ski**

I januar 2024 står igjen Beitostølen på det nasjonale kartet med NM-arrangement i langrenn med fire konkurransedager. Den siste helgen i januar samles Norges beste langrennsløpere på Beitostølen for å gjøre opp om kongepokal og verdifulle NM-medaljer. Arrangementet blir direktesendt på NRK-TV i drøye 20 timer og er utvilsomt en av de beste markedsføringsprosjektene for Beitostølen som destinasjon og Valdres som region.

## **Mål:**

Skape idrettskulturelle møteplasser til fornøyelse og inspirasjon for hele Valdressamfunnet, samt kreere nasjonal og internasjonal markedsføring av Valdres i et omfang uten sidestykke.

## **7.6 Ridderuka, Barnas Ridderuke, Riddercamp og Bikeriddercamp**

### **Tre årlige hovedarrangement/møteplasser:**

1. Ridderuka - Ridderrennet som holdes i mars/april hvert år
2. Barnas Ridderuke som holdes i uke 3 hvert år
3. Riddercamp som holdes i sommerhalvåret

### **Ridderuka**

Erling Stordahl (1923-1994) var en foregangsmann for integrering av funksjonshemmede. Han var født med synsskade, og ble helt blind i 13-årsalderen. I 1962 startet han skikurs for blinde på Beitostølen. Spiren til Ridderrennet og Ridderukken var sådd. I dag, over 50 år etter, er Ridderukken verdens største årlige vintersportsarrangement for syns- og bevegelseshemmede.

Foreningen Ridderrennet skal stimulere til mulighetsperspektivet – til tross for funksjonsnedsettelse. Ridderrennet ønsker å legge til rette slik at det som faktisk er mulig skal løse seg realisere – vår visjon nå er å gjøre mulige mulig. Dette skjer ofte i gode felleskap. Deltakelsen skal preges av glede, mestring, naturopplevelser og sosialt felleskap og få frem

det beste i alle som deltar. Arrangementene skal preges av frivillighet, respekt, solidaritet og profesjonalitet. Det tilbys treningskurs og konkurranser i langrenn, skiskyting, alpint og snowboard for både syns- og bevegelseshemmede. Hvert år deltar nærmere 500 funksjonshemmede under Ridderuken, som hver har en ledsager. Dette er en god læringsarena både for ledsagere og utøvere som blir kjent med nye og uvante problemstillinger. Sammen med ledsagere og mannskapet fra Forsvaret er det nærmere 1300 mennesker involvert under Ridderuken. Det er strategisk viktig for foreningen å jobbe aktivt med rekruttering av unge funksjonshemmede, både nyskadde og medfødt funksjonshemmning. Dette arbeidet er viktig i en ellers pasifiserende samfunnsutvikling.

**Mål:**

Ridderruka skal være verdens mest attraktive vintersportsuke for mennesker med syns – og bevegelseshemninger og gi deltakerne sportslige utfordringer både på nasjonalt og internasjonalt nivå.

**Barnas Ridderuke**

Barnas Ridderuke ble første gang arrangert i 1983. Hovedmålet er læring av grunnleggende skiferdigheter og sosiale aktiviteter. Arrangementet skal foregå i et miljø som stimulerer til personlig og sosial utvikling. Det samarbeides med skoler for at deltakerne har hver sin ledsager gjennom uken. Diverse vintersportsutstyr og -bekledning er og tilgjengelig for utlån.

**Mål:**

Barnas Ridderrenn/uke skal være en nasjonal attraktiv årlig møteplass for barn og ungdom med funksjonsnedsettelser i alderen 10 til 16 år.

**Riddercamp**

Den første Riddercamp Friluftsliv ble arrangert på Beitostølen 1. - 4. september 2016. Alle bor i lavvoer/tipier. Kano, kajakk, ridning, klatring, fiske, fjelltur er på programmet.

**Mål:**

Tilrettelegge en Riddercamp som er utfordrende, grensebrytende, lærende, sosial og morsom og der en lærer å ha respekt for og å ta vare på naturmiljøet.

**BikeRiddercamp**

Bikeriddercamp startet som et pilotprosjekt i 2021, og skal i 2023 gjennomføres for tredje gang. Bikeriddercamp er en sykkelleir for mennesker med fysiske funksjonsnedsettelser. Deltagerne bor og har base i Beitostølen sentrum, og får prøve både landevei- og stisykling i flott norsk natur på to, tre og fire hjul.

Enten deltageren er en erfaren syklist eller en nybegynner vil flinke instruktører fra Beitostølen Helsesportssenter og Norges Cykleforbund gi god veiledning og inspirere til å gjøre det mulige mulig!

Bikeriddercamp avsluttes med Ridderrittet, et landeveisritt med målgang på Beitostølen Helsesportssenter.

## **Mål:**

BikeRiddercamp skal være en attraktiv sykkelleir for mennesker med funksjonsnedsettelse som får oppleve Jotunheimen på nært hold.

## **7.7 Hemsingfestivalen**

Hemsingfestivalen er ein vinterfest i Aurdal i Valdres og ein kammermusikkfestival for «intime møte med stor musikk». Den er rotfesta i kombinasjonen klassisk musikk og folkemusikk. Festivalen vart starta i 2013 av systrene Elbjørg og Ragnhild Hemsing som er festivalens kunstnarlege leiarar. Festivalen blir arrangert kvart år i februar, og frå år 2024 vil festivalen bli arrangert i veke 6. Høgt respekterte internasjonale musikarar frå heile verda blir inviterte til kammermusikkfestivalen i Aurdal for å skape augeblikk ein ikkje gløymer.

Hemsingfestivalen med sitt sær preg byr på rundt 15 konserter over fem dagar. Bygda si vakre kyrkje frå 1737 er midtpunkt for festivalen, nabobygningen Frikar-Smia byr på eit moderne scenelokale og Frydenlund Skysstasjon har eit historisk preg, medan den moderne fjellkyrkja på Aurdalsåsen inviterer til ein kombinasjon av skiturar i vakker natur og store musikkopplevelingar. Alle konsertlokala gjev ein intim og nær stemning.

Hemsingfestivalen er eit unikt høve til å få oppleve klassisk musikk kombinert med friluftsliv i vakre omgjevnader og med utsikt til snøkledde valdresfjell.

Hemsingfestivalen er sterkt lokalt forankra, og har frå starten av hatt eit tilbod spesielt retta mot barn og unge i dalføret. Ynsket er å løfte den klassiske musikken i lokalsamfunnet ved å engasjere kulturskulen til å ta del i ein konsert.

Me presenterer også bygdas rike mattradisjonar og eit støttande lokalt næringsliv. Og ikkje minst er me svært takksame for innsatsen frå frivillige som gjer det mogleg å gjennomføre festivalen med bravur.

Festivalen tilbyr eit komplett vintereventyr med fantastisk musikk i historiske omgjevnadar, innkvartering og matopplevelingar av høg kvalitet, og aktivitetar ute i naturen som langrenn og hundekøyring.

FRAMR for klassisk musikk og folkemusikk er Hemsingfestivalens eige talentprogram. FRAMR rettar seg mot unge talent der dei møter utøvarar frå begge sjangrar og får innsikt i kva rolle folkemusikken har for den klassiske musikken og omvendt. Hovudelementa er: Audition, seminar om og med klassisk musikk og folkemusikk, dansertymar i folkemusikken, ope meisterklassar med instruktør, deltaking som musikarar i utvalde verk på konserter. Programmet er eit nasjonalt tilbod der alle kan melde seg på ved ein ope audition-runde.

## **Mål:**

- inviterer til stor musikk i intime rom
- presenterer klassisk musikk på høgt internasjonalt nivå i samspel med lokale musikk- og kulturtradisjonar
- byr på ein unik kombinasjon av natur- og musikkopplevelingar

## **7.8 Trollrock**

Trollrock vart arrangert for første gong i 2011 på Beitostølen Skistadion. Kapasiteten til festivalen er 4500. Festivalen tek mål av seg til å ha fleire store norske artistar, samt mange nykommarar. Målgruppa er unge vaksne, men festivalen ynskjer å ha eit breitt spekter av besökande med hovudfokus på lokale og hyttefolk.

Trollrock ynskjer å gje eit breitt tilbod innan musikk, aktiviteter, mat og overnatting. Festivalen arrangerer også Lydkåken Live der yngre, lokale utøvarar får markert seg ved aktiv deltaking under festivalen.

Visjonen er å skape ei heilårsbedrift som rekrutterer og utviklar musikkmiljøet i Valdres, samt å fremje lokalt næringsliv via festivalkonseptet.

### **Mål:**

- Arrangementet skal ha ein sterk lokal forankring i høve til utøvarar, næringsliv og i høve til merkevarebygginga i Valdres
- Trollrock skal gje ei unik festivaloppleveling ved å samle og forvalte lokale ressursar til et identitetsskapande kvalitetsprodukt
- Trollrock skal tiltrekke seg eit breitt publikum ved å ha både internasjonale og kjende, norske namn og lokale artistar

## **7.9 Frikar i fossen - Gandr**

FRIKAR i fossen – Draumefangaren med start i 2018. Frå 2022 endra dei namn til Frikar i fossen - Gandr. Festivalen er ei interaktiv danseførestilling i Åbjørajuvet og var allereie første året ein publikumssuksess. Gandr er en deltakande kunstvandring i trolsk natur. Det er fantasi og bevegelse til vann, til lands og i lufta!

FRIKAR dansekompani inviterer til spektakulær vandrevising i Valdres der vatnet i tusenvis av år har slørt seg gjennom Åbjørajuvet I fossane er det kvitt, i kulpane svart. Vi har laga ei kvit, snill løype og ei svart, utfordrande løype du kan velje mellom. Begge er 2,5 km lange. Du møter eit 20-tals kunstnarlege innslag av dans, performance, nysirkus, musikk, skulpturar og installasjonskunst. Til slutt møter du alle publikumarar og utøvarar til ei 45 min. danseframstilling ved ein foss.

I Gandr skapar vi møte med det undermedvitne. Vi skapar rom og masker, rom for fantasi, for bevegelse mellom romma. Dette gjennomsyrer alle uttrykk; koreografi, musikk, kostyme, scenografi. Kan vi gje publikum ei kjensle av samanheng mellom seg og naturen? Mellom røynsle, draum og død? At av jord er vi komne og til jord skal vi bli? Gjennom ei interaktiv kunstvandring kjem publikum tett på naturen, skjerper sansane og undermedvitnet. Naturen og kunsten kan i lag slå rot i fantasien til publikum, skapa draumar. Kanskje kan publikum bli draumefanga? Kanskje kan avstanden bli redusert, mellom oss og dei plantene og dyra vi ein gong blir del av? Publikum skal få oppleva prosessane, ikkje berre resultatet. Til dømes får dei sjå vevinga av string games. Dei får oppleva at koreografi også blir skapt gjennom sanntidskomposisjonar og improvisasjon.

Musikken tek utgangspunkt i den mørkaste delen av folkemusikken, som både har heftig groovy og roleg materiale. Påverknaden enkeltindividet har på bånsullen og korleis den endrar seg nedover tidas elv kan også vera eit tema. Bånsullar blir brukt til å hjelpe andre til

å sørne, til å drøyme. Musikken er skapa av kortreiste naturlydar, kontrastert med eksotiske lydar.

Heile produksjonen skal unngå å setja att spor i naturen. Vi forsterkar eksisterande stigar, i staden for å laga nye. Til dømes blir bruer og sikringsbukkar laga av stokkar vi finn i naturen. Tauverk er det viktigaste scenografiske framandelementet. Her bles vi fingerleikar og draumefangrar opp i stort format slik at menneskekroppar kan leike seg i vevane.

I framsyninga er det med både profesjonelle utøvarar, deltakarar frå dei to talentprogramma til FRIKAR og lokale barn og unge, samt eit stort tal friviljuge. FRIKAR ønskjer å bidra til å gjere naturen i Valdres tilgjengeleg både for eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt publikum. Folk i alle aldrar - lokale, hyttefolk og tilreisande som er i form til å gå vandringa i skog og noko ulendt terren - er velkommen!

#### **Mål:**

FRIKAR dansekompani vil bidra til skaparglede og dagsaktualisere lokal kulturarv innan dansekunst på høgaste, internasjonale nivå med særleg kort distanse til publikum. I fyrste omgang er Gandr eit tre-årig prosjekt, med mål om å bli ei årvisss hending.

### **7.10 Hedalen kulturfestival**

Hedalen Kulturfestival er ny i netverket fra 2023. Dette er en tre dagers kulturfestival i Hedalen i Valdres. Festivalen er fordelt over fire forskjellige kulturarenaer. Fredag kveld Hedalen Stavkirke til kveldskonsert. Lørdag formiddag er det familiedag på Bautahaugen Samlinger der lag og foreninger i bygda bidrar til å lage en minnerik aktivitetsdag for hele familien. Dagen avsluttes med en konsert for barn og voksne. Lørdag kveld blir Hedalen Stadion brukt til å arrangere konserter med salg av mat og drikke. Arrangementet på lørdag kveld har 18-års aldersgrense. Søndag er fokuset på Vassfaret. Dagen starter tidlig med "PoeSti" over Hedalsfjella. En fem timers gåtur med guiding, historiefortelling, diktopplesning og sang mens man vandrer mot Vassfaret. Samtidig som Poesti følget vandrer over fjellet er det familiedag på Skrukkefallhaugen i Vassfaret med aktiviteter for familier med fokus på naturen. Også denne dagen avsluttes med konsert.

**Mål med festivalen:** Festivalen skal fremme det store kultur og foreningslivet i Hedalen og Valdres. Vi vil bidra til å fremme og vise frem Hedalen og Sør-Aurdal på en positiv måte med fire forskjellige særegne kulturarenaer gjennom familieaktiviteter og kunstnerisk høy kvalitet på aktørene som opptrer for oss gjennom helga.

## **8 Andre store arrangement**

Lag og organisasjonar og dei seks Valdres-kommunane legg ned mykje arbeid og mange dugnadstimar i å skipe til små og store arrangement som er viktige for trivsel og samhald i bygdene og som er viktige bidrag for å gje turistane gode opplevingar når dei kjem til Valdres. Nokre av hotella og overnattingstadane i Valdres arrangerer òg fleire spennande og attraktive arrangement og festivalar, som til dømes Radisson BLU og Bergo hotell på Beitostølen.

Med store arrangement meiner vi arrangement som til saman har eit minimun snitt på 500 deltagarar/gjester. Store arrangement som ikkje fell inn under festivaldefinisjonen i Valdres er ikkje mindre viktig i høve til merkevarebygging og ringverknader for Valdres.

Her er eit utval av dei større, årlege arrangementa:

- |  |   |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>1. Strunkeveko</li><li>2. Valdreskappleiken</li><li>3. Ung i Valdres musical</li><li>4. UKM Valdres</li><li>5. Trubadurfestivalen</li><li>6. Beitostølen Live</li><li>7. Etnedalsdagane</li><li>8. Kulturdagatn i Etnedal</li><li>9. Valdresmarken</li><li>10. Hausttreff for veteranar<br/>(gråtassdagen)</li><li>11. Skarke</li><li>12. 17-mai på museet</li><li>13. Bustenskjoldstevnet</li><li>14. Jomfruslettfjellet rundt</li><li>15. Etnedal Sparebank Cup</li><li>16. Mush Synfjell hundeløp</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>17. Fjelleventyret – Det Norske Fjellmaraton</li><li>18. Valdresrittet</li><li>19. Valdres Skimaraton</li><li>20. Vinterfest i Fagernes</li><li>21. DNB-Cup Fagernes IL</li><li>22. Valdres FK-CUP</li><li>23. Stølsfestivalen på Vaset</li><li>24. Riddarspranget</li><li>25. Valdres Sommerballet</li><li>26. Valdresdagen</li><li>27. Rjupesleppet</li><li>28. Landbruksdagen</li><li>29. Ostefestivalen</li><li>30. Fagernes byfest</li><li>31. Mikkjel Fønhus natur- og miljøfestival</li><li>32. Hausttreff (Øystre Slidre)</li></ul> |
|--|---|



# VALDRES

## Natur- og Kulturpark

2023